



**Nærøyfjorden
verneområdestyre**

Møteinkalling

Utval: **Nærøyfjorden verneområdestyre**

Møtestad: Fresvik

Dato: 18.09.2023

Tidspunkt: 09:00

Eventuelt forfall må meldes snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Styremøte i Fresvik startar med tur til Skomakarnipa. Olav Bøtun, medlem i villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell, er med som kjentmann på turen. Oppmøte på kaien i Fresvik kl. 9.00. Dersom det er mykje regn denne dagen, vert det tur til Storøyna i staden for. Ta med drikke og niste til turen.

Etter turen er det møte i kafeen på butikken i Fresvik. Enkel servering av rundstykke, kaffi, te og kaffimat. Møtet vert avslutta ca. kl. 15.30.

Orienteringar:

- Status tiltaksarbeid og budsjett
- Plan for dialogmøte i november

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 31/23	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 32/23	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 33/23	Orienteringar og referatsaker		
RS 12/23	Verdiskapingsprosjekt Stalheimskleiva - slutt dokument	2020/16261	
RS 13/23	Høring - forslag til innretning av nullutslipp i verdensarvfjordene fra 2026	2023/10847	
RS 14/23	Endring - dispensasjon - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Øvste Stigen - motorferdseltransport - helikopter	2023/7454	
RS 15/23	Dispensasjon - DS - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Drægo - Hjølmo - motorferdsel - ATV med belter	2023/9243	
RS 16/23	Dispensasjon - Nærøyfjorden landskapsvernområde – Håvasete – motorferdsel - dispensasjon for motorferdsel - Maren Loven	2023/10388	
RS 17/23	Dispensasjon - Nærøyfjorden landskapsvernområde – motorferdsel - Undredal - Nedberge - Vassete - Soleiebakkane	2023/10401	
RS 18/23	Dispensasjon - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Drægo - Hjølmo - motorferdsel snø- ATV med belter	2023/9243	
RS 19/23	Dispensasjon - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Vassete - støl Dyrdal - motorferdsel - restaurering av stølshus - 67/9	2023/1588	
RS 20/23	Dispensasjon - Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel - Undredal - Vassetstølen	2023/11010	
RS 21/23	Dispensasjon - endring - Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel - Undredal - Vassetstølen	2023/11010	
RS 22/23	Dispensasjon -endring - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Vassete - støl Dyrdal - restaurering av stølshus - 67/9	2023/1588	
RS 23/23	Dispensasjon - endring - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Vassete - støl Dyrdal - helikoptertransport - restaurering av stølshus - 67/9	2023/1588	
RS 24/23	Endra dato for arrangementet - Nordheimsdalen naturreservat - organisert ferdsel - Voss Utferdsdag	2023/4734	
RS 25/23	Dispensasjon - forlenging av anleggsperioden - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Stalheimskleiva - midlertidig anleggsveg - Statens vegvesen	2021/3953	

RS 26/23	Dispensasjon - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernombord - motorferdsel - helikopter - tilsyn med grindanlegg mot CWD	2023/6197
RS 27/23	Uttak av torv - Nærøyfjorden landskapsvernombord - Vassete - restaurering av stølshus - 67/9	2023/1588
RS 28/23	dispensasjon - Nærøyfjorden landskapsvernombord - motorferdsel - materiale - Undredal - Vassetstølen	2023/11010
RS 29/23	Dispensasjon - Nærøyfjorden landskapsvernombord - Vassetstølen - Nedbergo - motorferdsel - uttransport av felt hjortevilt	2023/10401
RS 30/23	Dispensasjon - Nærøyfjorden landskapsvernombord - Onstad - Håvasete - motorferdsel - helikopter	2023/12898
RS 31/23	Vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernombord - retting av tiltaket reiskapsbu - stølen Ljosdalen	2022/11835
ST 34/23	Klagehandsaming - retting - Nærøyfjorden landskapsvernombord - Vassetstølen - Nedbergo - istandsetting av stølshus - 55/1	2021/2525
ST 35/23	Nærøyfjorden landskapsvernombord - Øvste Stegen Høgdagard - solcellepanel på eldhus	2023/8235

ST 31/23 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 32/23 Val av styremedlem til å skrive under protokollen
ST 33/23 Orienteringar og referatsaker
RS 12/23 Verdiskapingsprosjekt Stalheimskleiva - sluttdokument
RS 13/23 Høring - forslag til innretning av nullutslipp i verdensarvbjordene fra 2026
**RS 14/23 Endring - dispensasjon - Nærøyfjorden landskapsvernombåde - Øvste
Stigen - motorferdseltransport - helikopter**
**RS 15/23 Dispensasjon - DS - Nærøyfjorden landskapsvernombåde - Drægo -
Hjølmo - motorferdsel - ATV med belter**
**RS 16/23 Dispensasjon - Nærøyfjorden landskapsvernombåde - Håvasete -
motorferdsel - dispensasjon for motorferdsel - Maren Loven**
**RS 17/23 Dispensasjon - Nærøyfjorden landskapsvernombåde - motorferdsel -
Undredal - Nedberge - Vassete - Soleiebakkane**
**RS 18/23 Dispensasjon - Nærøyfjorden landskapsvernombåde - Drægo - Hjølmo -
motorferdsel snø- ATV med belter**
**RS 19/23 Dispensasjon - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernombåde -
Vassete - støl Dyrdal - motorferdsel - restaurering av stølshus - 67/9**
**RS 20/23 Dispensasjon - Nærøyfjorden landskapsvernombåde - motorferdsel -
Undredal - Vassetstølen**
**RS 21/23 Dispensasjon - endring - Nærøyfjorden landskapsvernombåde -
motorferdsel - Undredal - Vassetstølen**
**RS 22/23 Dispensasjon -endring - Nærøyfjorden landskapsvernombåde - Vassete -
støl Dyrdal - restaurering av stølshus - 67/9**
**RS 23/23 Dispensasjon - endring - Nærøyfjorden landskapsvernombåde - Vassete -
støl Dyrdal - helikoptertransport - restaurering av stølshus - 67/9**
**RS 24/23 Endra dato for arrangementet - Nordheimsalen naturreservat -
organisert ferdsel - Voss Utferdsdag**
**RS 25/23 Dispensasjon - forlenging av anleggsperioden - Nærøyfjorden
landskapsvernombåde - Stalheimskleiva - midlertidig anleggsveg - Statens
vegvesen**
**RS 26/23 Dispensasjon - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernombåde -
motorferdsel - helikopter - tilsyn med grindanlegg mot CWD**
**RS 27/23 Uttak av torv - Nærøyfjorden landskapsvernombåde - Vassete -
restaurering av stølshus - 67/9**
**RS 28/23 dispensasjon - Nærøyfjorden landskapsvernombåde - motorferdsel -
materiale - Undredal - Vassetstølen**
**RS 29/23 Dispensasjon - Nærøyfjorden landskapsvernombåde - Vassetstølen -
Nedbergo - motorferdsel - uttransport av felt hjortevilt**
**RS 30/23 Dispensasjon - Nærøyfjorden landskapsvernombåde - Onstad - Håvasete -
motorferdsel - helikopter**
**RS 31/23 Vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernombåde - retting av tiltaket
reiskapsbu - stølen Ljosdalen**



Arkivsaksnr: 2021/2525-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 07.09.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	34/23	18.09.2023

Klagehandsaming - retting - Nærøyfjorden landskapsvernombordet - Vassetstølen - Nedbergo - istandsetting av stølshus - 55/1

Innstilling frå forvaltar

Verneområdestyret opprettheld tidlegare vedtak. Klaga blir ikkje tatt til fylgje, og blir vidaresendt til Miljødirektoratet for handsaming.

Saksopplysningar

Lars Nedberge søkte 9. februar 2021 om å sette i stand selet sitt på Vassetstølen. Han fekk løyve til istandsetting, men han fekk ikkje løyve til alt han søkte om. I vedtaket var det mellom anna tydelege vilkår om at han berre fekk sette inn eit ekstra vindauge, spesifisert til å vere på veggen ved sida av døra, som då var plassert på langsida på sørsida av bygget. Det var ikkje søkt om eller gitt løyve til å flytte døra eller å sette inn høgre dør enn det som var i huset frå før. Det var også vilkår om at takhøgda ikkje skulle endrast.

Lars Nedberge klaga ikkje på dette vedtaket. Søkjar var i kontakt med forvaltar på telefon før arbeidet starta opp i sommar, med spørsmål om det var mogleg å sette inn eit vindauge til. Han fekk svar om at arbeidet måtte gjerast i tråd med vedtaket som var gitt av verneområdestyret.

I august oppdaga SNO at vilkåra i løyvet ikkje var følgt. Det var laga opning i kledningen for to nye vindauge i staden for eit, dørropninga var flytta til vestveggen og taket var heva. Det vart då tatt kontakt på telefon, sendt førehandsvarsel om retting, og verneområdestyret vedtok 23.08 at tiltaka som ikkje var gitt løyve til måtte rettast opp. Det er dette rettingsvedtaket Lars Nedberge no klagar på. Samtidig sender han inn søknad om istandsetting av taket i tømmerdelen av stølshuset som vil innebere at det får same takhøgde som det nye skotet. Denne søknaden vil bli handsama etter at klagesaka er avgjort.



Nærøyfjorden verneområdestyre



Figur 1. To bilde som viser stølshuset før istandsetting.



Figur 2. To bilete som viser stølshuset etter at tiltak er sett i gong.

I klag på rettingsvedtaket argumenterer Lars Nedberge med at han har prøvd så godt han kan å ikkje heve takhøgda. Han har nytta langsgåande bjelker som er i taket frå før. Grunnen til at taket har blitt 10-15 cm høgre er fordi han har nytta takstolar som ekstra forsterkning for å få eit solid tak som tåler store snømengder.



Døra skriv han at han har flytta til vestveggen for lettare å kunne bruke selet på vinterstid, då den på sørsida blir blokkert av snø og is som fokkar og pakkar seg så det er umogleg å komme seg inn. Han argumenterer for at dette også er einaste plassen det går an å sette ei dør, då dagens hyttedører er 190 cm høge, medan takhøgda på sørveggen berre er 168 cm.

Når det gjeld vindauge, argumenterer Lars Nedberge for at det må vere eit minimum å ha eit vindauge på kvar vegg for å få naturleg lys inn i skåtet. Han skriv også at det har vore vindauge i både nordveggen, vestveggen og sørveggen etter gamalt. Så vidt han hugsar var det vindauge i alle veggjar når han var med faren sin og føretok reparasjonar tidleg på 1970-talet.

Lars Nedberge oppsummerer med å skrive at han ynskjer å ta vare på plassen for eigen generasjon og framtidige generasjonar, og at stølshuset ikkje er tenkt som ei hytte, men som ein plass han kan opphalde seg over tid for å ivareta området.

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om istandsetting av sel på Vassete fra Lars Nedberge, datert 09.02.2021
- Bilder og teikningar fra Lars Nedberge, sendt 09.03.2021
- Ny skisse til istandsetting av sel på Vassete, Lars Nedberge, sendt 12.04.2021
- Dispensasjon til istandsetting– saksprotokoll 30/21 – 26.04.2021, Nærøyfjorden verneområdestyre
- Rapport frå SNO, 09.08.2023
- Førehandsvarsel om retting av tiltak på stølshus på Vassetstølen, Nærøyfjorden verneområdestyre, 10.08.2023
- Merknadar frå Lars Nedberge, datert 10.08.2023 og 12.08.2023
- Vedtak om retting – Nærøyfjorden verneområdestyre 23.08.2023
- Klage på rettingsvedtak, Lars Nedberge 28.08.2023

Lovgrunnlaget

Verneforskrifta

Føremålet i Nærøyfjorden landskapsvernombjørde er definert i verneforskrifta § 2: «*Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernombjørde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter*». Alle inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter er forbode.

Forvalningsstyresmakta kan gje løyve til «*Påbygging, ombygging eller riving av bygningar og anlegg. Påbygging og ombygging skal vera tilpassa landskap og tradisjonell byggjeskikk*», jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.3 c)

Naturmangfaldlova (nml) kapittel IX. Håndheving og sanksjonar



Myndigheten eller loven kan pålegge den ansvarlige å rette eller stanse forhold som er i strid med loven eller vedtak med hjemmel i loven, jf. nml. § 69 første ledd. Bygging utan løyve er brot på verneforskrifta jf. rettleiaren frå Miljødirektoratet for Oppfølging av ulovlige forhold i verneområdet – M-617/2016. «*For å sikre at bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven blir gjennomført, kan myndigheten etter loven fatte vedtak om tvangsmulkt*», jf. nml. § 73 første ledd.

Nærøyfjorden verneområdestyre har fått delegert mynde frå Miljødirektoratet til å pålegge retting og stans av ulovlege tiltak, og kan fatte vedtak om tvangsmulkt dersom tiltaket ikkje vert retta innan fristen.

Naturmangfaldlova (nml.) §§ 8-12

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og veklagt i saka

Vurdering

Som det står i verneforskrifta, er stølsområde ein viktig del av karakteren til landskapet i Nærøyfjordområdet. Difor er det og krav i verneforskrifta om at påbygging og ombygging av bygningar skal vere tilpassa landskapet og tradisjonell byggeskikk. Det gjeldande stølshuset til Nedberge framsto som eit tradisjonelt stølshus før istandsettinga vart satt i gong, og det vart stilt strenge vilkår til arbeidet, nettopp for å ta vare på det tradisjonelle ved bygget.

Istandsetting av gamle stølshus handlar om å ta vare på gamle bygningar og endre dei minst mogleg. Då kan ein ikkje følgje norsk standard for nye bygg. Dette vart formidla til søker i det løyvet som vart gitt til istandsetting. Endringar som bruk av moderne, høg hyttedør, mange vindauge og takstolar i takkonstruksjonen er eksempel på tiltak som bryt med tradisjonell byggeskikk på stølshus. Som vurdert i saka om retting, vil eit løyve til slike endringar endre karakteren på bygget og lett føre til presedens for andre saker.

For å komme eigar i møte, vart det i løyvet til istandsetting, likevel opna opp for eit nytt vindauge i bygget for å sleppe inn meir lys. Dette er i tråd med liknande saker i verneområdet, der vi stadig vurderer korleis ein kan legge til rette for framleis bruk av tradisjonelle bygningar samtidig som ein tek vare på det tradisjonelle uttrykket. Saka har vore vurdert i samråd med seksjon for kulturarv hjå Vestland fylkeskommune, og forvaltar kan ikkje sjå at det kjem fram nye moment i klaga som endrar dei vurderingane som allereie er gjort når det gjeld tal vindauge, størrelse på dør og takhøgde.

Lars Nedberge skriv at så vidt han hugsar var det vindauge i alle veggane på 70-talet, men vi har ikkje bilete eller noko som viser dette. Då må vi i forvaltninga halde oss til korleis stølshuset såg ut på søknadstidspunktet. Vi veit og at det tradisjonelt ikkje var vanleg med mange eller store vindauge i stølshus.

Stølshusa vart tradisjonelt brukt om sommaren. Lars Nedberge ynskjer no å legge til rette for at huset skal kunne brukast heile vinteren. Eit problem som då har dukka opp er at døra snør igjen der den no er plassert. Han ynskjer derfor å flytte døra til vestveggen, der han meinar det vil bli mindre problem med fokksnø. Det er fleire stølshus i området som har dør i



endeveggen, så det i seg sjølv bryt ikkje nødvendigvis med gamal byggeskikk. Tradisjonelt ville døra i så fall vore midtstilt, og det ville ikkje vore vindauge på veggen ved sidan av døra. Sjølv om vi hadde gitt løyve til å plassere døra på endeveggen burde den uansett ikkje vore høgre enn den gamle døra var. Då hadde vi enda opp med ei løysing ganske lik den i dag, med dør på ein vegg og vindauge på ein vegg.

Ein enklare og betre løysing på dette med snø vil kanskje vere ei todelt ytterdør der ein kan opne den øvre delen av døra sjølv om den nedste er nedsnødd. Dette er vanleg på mange gamle bygg, og kan vere eit alternativ til å flytte døra til vestveggen. Då kan ein i alle fall til ein viss grad redusere problemet med vanskeleg bruk om vinteren, utan å endre den tradisjonelle utforminga på akkurat dette stølshuset.

Konklusjon

Forvaltar kan ikkje sjå at det framkjem vesentlege nye moment i saka som endrar på vedtaket verneområdestyret gjorde i saka der det vart stilt krav om retting. Styret må vurdere om klaga frå søker skal takast til fylgje, eller om styret står fast på vedtaket i sak 30/23 og sender klaga vidare til Miljødirektoratet for endeleg avgjerd.



Arkivsaksnr: 2023/8235-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 11.09.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	35/23	18.09.2023

Nærøyfjorden landskapsvernombord - Øvste Stegen Høgdagard - solcellepanel på eldhus

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev eigar på Øvste Stegen Høgdagard løyve til fasadeendring ved oppføring av solcellepanel på elhuset på Øvste Stegen Høgdagard. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Løyvet gjeld med følgjande vilkår:

- Solcellepanelet skal monterast på veggen der det er montert, det vil sei på veggen som vender søraust. Storleiken på solcellepanelet er 1 meter breitt og 1,5 meter høgt.
- Panelet skal vera montert flatt på vegg eller vinklast mot sola for å utnytta panelet best mogleg.
- Løyvet gjeld for 5 år frå vedtaksdato.

Denne saka er berre vurdert etter reglane i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om montert solcellepanel på elhuset på Øvste Stegen, *Ottar Stegen – Øvste Stegen Høgdagard*, 25.05.2023 og 06.09.2023.
- Kulturminnefagleg fråsegn – søknad – solcelle-panel, *Vestland fylkeskommune*, 13.06.2023

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernombord av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1-2008
- Restaureringsplan Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden – 2021-2026



Nærøyfjorden verneområdestyre

Øvste Stegen Høgdagard v/Irene og Ottar Stegen søker om løyve til å ha hengande montert solcellepanel på eldhuset på Øvste Stegen. I tidlegare søknad vart det i tillegg søkt om montering av solcellepanel på taket på den restaurerte løa på Øvste Stegen. På spørsmål om å finne solcellepanel som er betre tilpassa materialbruk og farge på løa og eldhuset, har dei svart at dei ikkje har funne gode alternativ. Dei søker difor i denne omgang berre om å få ha solcellepanelet dei har montert på eldhuset, og vil koma tilbake med ei alternativ løysing for løa.

Bildet under viser tunet på Øvste Stegen Høgdagard med eldhuset med solcellepanel. Kopi frå søknad.



Figur 1 Eldhuset med solcellepanel montert. Foto Anbjørg Nornes



Nærøyfjorden verneområdestyre



Figur 2 Kart med høgdegardane på Stigen. Kopi frå fylkesatlas.

Lovgrunnlaget

«Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernombordet er å ta vare på eit vakkert og eigenartat natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter» jf. verneforskrifta § 2. Området er verna mot alle inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter.

Tiltaket med montering av solcellepanel er fasadeendring og ikkje nemnt i dei spesielle dispensasjonsreglane. Difor må tiltaket vurderast etter naturmangfaldlova § 48 første ledd, første alternativ; «Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig». Det må vurderast om vilkåra for å gje dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48 er oppfylt, og om det kan gjevast dispensasjon til tiltaket.

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og vektlagt i saka.



Vurdering

Omsøkt tiltak vil medføre fasadeendring, og vert difor ikkje vurdert som vedlikehald. Tiltak som er søknadspliktige skal ikkje gjennomførast før det er gitt dispensasjon etter verneforskrifta. Tiltakshavar har ikkje vist at dette tiltaket gav fasadeendring, og at det var eit søknadspliktig tiltak. Også andre stader i verneområdet er det montert solcellepanel på bygningar utan at dette har vore reagert på. Forvaltar meiner difor at denne søknad om tiltaket bør vurderast slik den føreligg, og ikkje vurdera andre reaksjonar på tiltaket.

Det må vurderast om det kan gjevast løyve til tiltaket med heimel i naturmangfaldlova § 48. Forvaltningsstyretemakta kan gjera unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtakets føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom samfunnsinteresser gjer det nødvendig. Søknad om dispensasjon etter første ledd skal innehalde tilstrekkeleg informasjon om tiltakets verknad på verneverdiane. I dispensasjonen etter første ledd skal grunngjevinga for vedtaket vise korleis forvaltningsstyretemakta har vurdert verknadane som dispensasjonen kan få for verneverdiane, og kva vekt det er lagt på dette.

Kulturlandskap med gardsbruk og kulturminne er ein viktig del av verneføremåla i Nærøyfjorden landskapsvernombordet. Verneforskrifta regulerer kva inngrep som kan tillatast i verneområdet. På Øvste Stigen er det ikkje aktiv landbruksdrift i dag, men det er sauar på beite i området. Det vert gjennomført skjøtsel med slått og beitepussar for å ta vare på kulturlandskapet rundt tunet. Løa og hovudhuset på Øvste Stigen er restaurert, og den tradisjonelle byggeskikken i området er godt i varetaken. Eldhuset er eit nybygg som er sett opp på murane til det gamle eldhuset.

Kunnskapen om området er henta frå forvalningsplan for Nærøyfjorden, skjøtselsplan for Stigen og Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden. På Øvste Stigen er det ikkje registrert sårbare naturtypar. Av sårbare artar er det registeret taksvale på Øvste Stigen. På Neste Stigen er den trua sommarfuglen stor bloddråpesvermar registrert, og denne arten kan vera i større område enn den er registrert i dag (Naturbase 07.09.2023). Vi har liten kunnskap om kva verknad solcellepanel har på insektlivet, men det vil mest truleg ikkje ha stor verknad. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert som godt for å vurdera saka, jf. nml. § 8, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje tillagt vekt.

Verneområdeforvaltinga skal vurdera verknaden eit tiltak kan få på økosystemet, og den samla belastninga av tiltaket jf. nml. § 10. Temaet solcellepanel er ikkje omtalt i forvalningsplanen for Nærøyfjorden landskapsvernombordet, og det er ikkje retningslinjer for oppføring av solcellepanel i Nærøyfjorden landskapsvernombordet. Forvaltinga har henta inn kulturminnefagleg uttale frå Vestland fylkeskommune, både med bakgrunn i manglande retningslinjer, og på bakgrunn av at Øvste Stigen har fått tilskot frå verdsarvmidlar til restaurering av fleire av bygningane på garden. Fylkeskommunen har gitt fylgjande uttale til søknaden om solcellepanel til eldhuset og løa;

«Høgdegarden Stegen i Aurlandsfjorden er eit kulturmiljø av regional verdi. Låven på garden er eit prioritert kulturminne i Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden. Bygningen er nyleg sett i stand etter antikvariske prinsipp og i restaureringa er mest mogeleg av opphaveleg material teke vare på. Omsynet til detaljer og materialbruk må etter fylkeskommunens syn også følgje ved nye tiltak på bygget, og prinsipp om tilpassing bør



gjelde ved etablering av solcellepanel.....Når det gjeld omsøkte panel på eldhuset rår vi til at det ved framtidig utskifting tek same omsyn som beskrive ovanfor med tilpassing til eksisterande fargebruk på vegg og matt overflate».

Søknaden om 1 stk. enkeltståande panel (100 x 150 cm) er vurdert til i liten grad å påverka landskapets art og karakter i forhold til bygningen. Sjølv om tiltaket er eit reversibelt tiltak ved at installasjonen enkelt kan fjernes, er presedensverknaden vurdert som høg. Det er mange stader både i dette og andre verneområde solcellepanel er montert, og denne saka vil ha verknad også for andre søknader om solcellepanel. Solcellepanel som er vinkla opp mot sola vil mest truleg ikkje gje meir markant gjenskin enn om det vert monterflatt på veggen. Gjenskin frå solcellepanelet kan førekoma, men det vert ikkje sett på som problematisk for dyre- og fuglelivet på Stigen. Landskapets art og karakter kan truleg verta påverka av gjenskin frå solcellepanelet. Eldhuset er eit nytt bygg, og har ikkje eit autentisk preg. Landskapets art og karakter vert difor truleg ikkje vesentleg påverka av eit moderat stort enkeltståande solcellepanel. Solcellepanel gjer det mogleg å lade nødvendig utstyr som kjøleskåp, og lading av mobil og anna utstyr.

I retningslinene frå Miljødirektoratet for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfoldloven § 48 står det: «*Tiltakets omfang har betydning for graden av påvirkning på verneverdiene. Dette har igjen betydning for presedensvurderingen, ved at store tiltak får potensielt større konsekvenser sammen med andre tilsvarende tiltak enn det som er tilfelle for små tiltak. Man vil dermed akseptere mindre risiko for presedens ved store tiltak enn ved mindre tiltak. Eksempler på tiltak av stort omfang, er oppføring av nye bygninger. Små uthus i tilknyting til hytte kan imidlertid etter forholdene anses som tiltak av mindre omfang. Det samme gjelder tilbygg. Terskelen for å gi dispensasjon til tilbygg til eksisterende hytter slik at disse kan oppgraderes til tidsmessig standard, skal ligge lavere enn for å gi dispensasjon til nybygg.*

Vurderinga til Miljødirektoratet er tillagt stor vekt. Terskelen skal vera lågare for å gje dispensasjon for at eksisterande bygg kan oppgraderast til tidsmessig standard. Miljødirektoratet vurderer små uthus i tilknyting til ei eksisterande hytte som eit mindre tiltak som enklare kan få løyve. Forvaltninga vurderer solcellepanel som eit mindre tiltak. Ved å avgrensa storleiken, og sette krav om plassering, er tiltaket vurdert til ikkje å påverke verneverdiene nemneverdig. Det er totalt sett få og små solcellepanel på bygningar i landskapsvernombordet per. i dag, og verneføremålet vert difor nemneverdig påverka av tiltaket med solcellepanel.

Nml. § 11 er vurdert som lite relevant i denne saka, då tiltaket ikkje vil gje skada på miljøet.

Det er ikkje tilgang på elektrisk straum på gardane på Stigen. Eigarane På Øvste Stegen Høgdagard brukar området til fritidsbruk, og dei bur på garden i samband med slått av innmarka rundt garden. Dei har i tillegg planar om å kunne gje tilbod om servering på garden, og formidla historie om garden. I søknaden skriv dei at det er trong for straum til kjøleskåp og lading av mobil og anna utstyr. For å ha ein tidsmessig standard på garden, vurderer forvaltar det som naudsynt med tilgang på straum til desse føremåla. Solceller vert sett på som fornybar energi og som eit betre alternativ enn diesellaggregat for å løyse energibehovet. Dei har sett opp eit solcellepanel med svart spegel. Det er vurdert at den mest effektive og minst sjenerande teknologien er matte svarte monokrystallinske



solcellepanel. Fylkeskommunen tilrår at det ved framtidig utskifting av solcellepanelet, bør veljast eit panel med tilpassing til eksisterande farge på vegg, og matt overflate.

Solcellepanelet som er sett opp på Øvste Stigen Høgdegarder er vurdert til å være den beste miljømessige løysinga med den kunnskapen som er tilgjengeleg pr. dags dato (jf.nml. § 12). Teknologien innanfor fornybar energi er under stadig utvikling. For å kunne få den beste miljømessige løysinga for bygningar i verneområdet, er det aktuelt med avgrensa tidsperiode for løyvet til solcellepanel. Med vilkår om tidsavgrensing, vil dette tiltaket gje liten påverknad på landskapet og moglegheiter for å oppdatera teknologien i framtida.

Konklusjon

På bakgrunn av vurderinga etter nml. §§ 8-12, verneforskrifta og retningslinene frå Miljødirektoratet, vurderer forvaltar konsekvensane av montering av eit enkeltståande solcellepanel (100x150 cm) som lite og reversibelt. Tiltaket samla sett er vurdert til å påverke verneverdien i liten grad, og vil ikkje vera i strid med verneføremålet. Presedensverknaden vert vurdert som høg, difor har forvaltninga lagt vekt på presedens når det omsøkte tiltaket har vorte handsama. Eit moderat enkeltståande solcellepanel vert ikkje sett på som problematisk, derimot kan verneverdiane verta forringa om ein får fleire markante solcellepanel på kulturhistoriske bygningar.